

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

**Vår dato:** 05.04.2024

**Vår ref.:** 202203776-44 Oppgi ved kontakt

**Dykkar ref.:**

**Sakshandsamar:**

Inger Anette Sandvand Dahlen  
22 95 92 82 el. [iasd@nve.no](mailto:iasd@nve.no)

## Høyring av konsesjonssøknad og tilleggsutgreiing om ny 132 kV kraftleidning Bø–Meland

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har motteke tilleggsutgreiing til konsesjonssøknad om ny 132 kV kraftleidning frå Bø til Meland i Karmøy kommune i Rogaland fylke.

Søknaden og tilleggsutgreiinga er no på høyring, og de kan uttale dykk i saken innan 06.05.2024.

Saksdokumenter er tilgjengeleg på NVE sine internettsider [www.nve.no/8757/A](http://www.nve.no/8757/A).

### Fråsegner

Gjennom høyring av konsesjonssøknaden og tilleggsutgreiinga ønskjer vi å få høyringsinstansane sine synspunkt på planane og forslag til tiltak som kan redusere negative verknader.

Alle som har meiningar om saka, kan sende fråsegn på ein av følgjande måtar:

- via skjema for fråsegner, som de finn på våre internettsider
- via e-post til [uttalelse@nve.no](mailto:uttalelse@nve.no) (merk e-post med «Høyringsuttale» og saksnummer 202203776 i emnefeltet, og skriv namn og/eller organisasjonsnummer i innleiinga)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO

Fråsegner må sendast til NVE **innan 06.05.2024**

### Søknaden og tilleggsutgreiinga

NVE syner til opphavelag konsesjonssøknad frå Fagne, der dei søker om konsesjon i medhald av energilova til å byggje, eige og drive ein om lag 5 km ny 132 kV dobbelkurs kraftleidning frå Bø transformatorstasjon til Meland i Karmøy kommune. Den nye leidningen skal erstatte eksisterande leidning på same strekning.

Søknaden om ny 132 kV kraftleidning frå Bø til Meland ble sendt på høyring hausten 2022. Etter høyringa såg NVE det naudsynt å be Fagne om tilleggsutgreiingar for å kunne handsame saka ferdig. Fagne sendte over tilleggsutgreiing til NVE den 28. februar 2024. Det



er ikkje gjort endringar i søknaden etter fyrste høyringsrunden, og prioriteringa av traséalternativa Fagne har søkt om, står ved lag.

I tilleggsgutgreiinga er det mellom anna vurdert konsekvensar av tiltaket for naturmangfald, landskap, kulturminne, friluftsliv og landbruk. Det er òg gjort ei vurdering av kabel som alternativ til luftleidning.

Fagne har tidlegare søkt om ekspropriasjonsløyve (oreigningslova av 23.10.1959, § 2 punkt 19) for naudsynte grunn og rettar for å byggje og drive dei elektriske anlegga. Dei søkte òg om førehandstiltreding (oreigningslova § 25), som inneber at grunn og tilkomstrett kan takast i bruk før skjøn er halde. Grunn- og rettshavarar som ekspropriasjonssøknaden angår, kan finne relevant informasjon om kva det inneber på <http://www.nve.no/grunneierinfo>.

Spørsmål om NVE si sakshandsaming kan rettast til Inger Anette Sandvand Dahlen (iasd@nve.no), medan spørsmål om søknaden og tilleggsgutgreiinga kan rettast til Fagne v/ Odd Håland Øksnevad (Odd.Haland.Oksnevad@fagne.no).

Vi ber vidare kommunen leggje søknaden- og tilleggsgutgreiinga ut på sine internettsider og ev. Facebooksider.

Vi minner om at fråsegner må sendast til NVE **innan 06.05.2024**

Med helsing

Ingrid Myrtveit  
seksjonssjef

Inger Anette Sandvand Dahlen  
seniorrådgivar

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*

**Mottakarliste:**

STATENS VEGVESEN  
ROGALAND FYLKESKOMMUNE  
STATSFORVALTEREN I ROGALAND  
Karmøy kommune  
Norges Bondelag  
STATNETT SF  
Miljøstiftelsen Bellona  
NORGES NATURVERNFORBUND  
Forsvarsbygg  
MILJØDIREKTORATET  
Norges Miljøvernforbund  
Naturvernforbundet i Rogaland  
Haugesund Turistforening



Luftfartstilsynet  
AVINOR AS  
Telenor Kabelnett  
GASSCO AS  
Norsk Ornitologisk Forening Rogaland  
Forum for natur og friluftsliv Rogaland  
Norges Skogeierforbund  
ROGALAND NATUR OG UNGDOM  
Fortidsminneforeningen Rogaland fylkesavdeling  
Fortidsminneforeningen Rogaland fylkesavdeling  
Rogaland Bondelag  
Rogaland Bonde- og Småbrukarlag  
NORGES JEGER OG FISKERFORBUND ROGALAND  
Stavanger og Rogaland jeger og fiskeforening (SRJF)  
Gasnor AS  
Mattilsynet Region Sør og Vest  
Grunneigarar/rettshavarar  
Norges bonde- og småbrukarlag - Rogaland  
MOTVIND NORGE  
MOTVIND SØRVEST  
JORDVERNFORENINGEN I ROGALAND  
FLYPLASS SENTERET AS  
NORSK ORNITOLOGISK FORENING AVD. ROGALAND

**Kopimottakarliste:**